



Helene Mellingen Engstrøm  
Stølsvegen 28b  
0590 Oslo

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/3388 - 23/35545

Saksbehandlar:  
Roger Fanavoll Fjellsbø  
roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.  
no

Dato:  
08.05.2023

## **Førehandsvarsel om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt - gbnr 498/51 Mellingen - Avvik i septiktank**

**Tiltak:** Avvik i septiktank  
**Byggjestad:** GBNR 498/51 Mellingen  
**Tiltakshavar:** Helene Mellingen Engstrøm og Margrethe Mellingen

Viser til vårt brev av 18.08.22 der vi opplyser om at vi har motteke melding frå Norva24 AS om at det ved siste tømning vart registrert lågt nivå og manglande dykk i septiktanken på eigedommen dykkar, med adresse Slettevegen 794. Viser også til telefonsamtale med Jan Engstrøm datert 05.09.22. Frist for retting vart sett til **01.05.2023**.

Alver kommune har ikkje motteke tilbakemelding frå dykk innan fristen om at avviket er retta.

Kommunen varslar med dette at vi vil påleggje dykk som grunneigarar å rette opp avviket på avløpsanlegget slik at det tilfredsstillir dagens krav til standard, og i tillegg er eit godkjend avløpsanlegg. I dette brevet finn de informasjon om kva de kan gjere for å unngå pålegg.

### **Grunngjeving for førehandsvarsel om pålegg og tvangsmulkt**

Det følgjer av forurensningslova § 7 første ledd at *«ingen må ha, gjøre eller sette i verk noe som kan medføre fare for forurensning» uten at det er gitt løyve»*.

I medhald av forureiningslova § 7 andre ledd kan kommunen pålegge den ansvarlege for forureininga, om å sørge for tiltak for å stanse, fjerne eller avgrense verknaden av den.

### **Varsel om pålegg om retting og tvangsmulkt**

Med heimel i forureiningslova § 7, blir de no varsla om at tiltaket må bli retta **innan fristen nedanfor** og dokumentasjon på dette må sendast inn innan same fristen.

### **Korleis kan de rette opp i det ulovlege tilfellet og unngå tvangsmulkt?**

Rettar de opp det ulovlege tilfellet, unngår de pålegg og tvangsmulkt. Det kan skje på følgjande måte:

- De må sørge for at det vert installert dykk på utløpet av septiktanken.
- De må få eit kvalifisert føretak til å kontrollere om det er lekkasje i tanken.
- De må få eit kvalifisert føretak til å tette eventuell lekkasje eller installere nytt avløpsanlegg.

Dersom de er usikker på om utbetringa/reparasjonen av septiktanken er eit søknadspликтig tiltak, kan de ta kontakt med Alver kommune.

Vi varslar også at det kan bli fatta eingongsmulkt på kr. **10 000,-** og løpande dagmulkt på kr. **200,-**, dersom det ulovlege tilhøvet ikkje er retta innan fristen. Dette er heimla i forureiningslova § 73.

### **Frist**

Dokumentasjonen må sendast kommunen **innan 30.06.23**.

De har rett til å gje uttale før det blir fatta vedtak om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt. Det kan til dømes vere at de meiner opplysningane våre ikkje er rette eller at det fins andre grunnar til at de ikkje har plikt til å utbetre forholdet.

Det vert gjeve ein frist på **3 veker** frå mottak av dette brevet til å svare på førehandsvarselet. Alver kommune oppmodar deg om å nytte uttaleretten.

**Dersom vi ikkje har mottatt opplysningar som inneber at avløpssituasjonen tilfredsstillar dagens krav innan 3 veker vil vi fatte vedtak om pålegg og tvangsmulkt med same frist som i dette brevet.**

Vi svarar gjerne på spørsmål på telefon 5637 5000 eller de kan sende e-post eller post til

- [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no).
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug

### **Kommunens oppgåve og mynde**

I forureiningslova § 48 er ei av dei kommunale oppgåvene at kommunen skal føre tilsyn med ureiningssituasjonen i kommunen. Etter forureiningslova § 7 fjerde ledd kan kommunen gje pålegg ovanfor den som har ansvar for det ulovlege tilhøve, som er i strid med § 7 første ledd.

### **Aktuelt regelverk**

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forureiningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting med heimel i forureiningslova § 7.
- Ilegging av tvangsmulkt følgjer av forureiningslova § 73.
- Straffeansvar for forureining eller forsøpling framgår av forureiningsloven §§ 78 og 79.
- Plikt til å installere godkjend avløpsanlegg på eigedommen følgjer av forureiningsforskrifta kapittel 12.

Med venleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Roger Fanavoll Fjellsbø  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Helene Mellingen Engstrøm  
Margrethe Liv Mellingen

Stølsvegen 28b  
Neuenahrerstr. 13, D-  
50968 Köln, Tyskland, De

0590 Oslo